

SAK 11-18 ÅRSBUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2019 – 2022

Saksopplysning

I tillegg til årleg driftsbudsjett for Regionrådet skal det utarbeidast økonomiplan/handlingsprogram. Bakgrunn for økonomiplan/handlingsprogram er:

- Strategisk plan for Hallingdal
- Årsbudsjett for 2018 og økonomiplan og handlingsprogram for 2018 – 2021, Hallingtinget sak 10/17.

Driftsbudsjettet for 2019

Driftsbudsjettet for 2019 tek utgangspunkt i rekneskapet for 2017, budsjett for 2018 og dei erfaringar ein har med drift av regionrådskontoret. Totalt er det for 2019 lagt inn ein eigeninnsats på kr. 600.000, som vil bli refundert frå prosjekt.

Tilskot frå kommunane er budsjettert med kr. 1.960.000, som er ei auke på kr. 45.000 frå 2018, eller ca. 2,3%, det same som for budsjett 2018. Kommunal deflator var for 2018 ca. 3% og for 2019 berekna til 2,8%. Det blir vurdert som viktig å halde fram med det offensive arbeidet Regionrådet driv med.

Det er kommunane som i stor grad må dekkje drifta av Regionrådet.

Vedlegg 1 syner forslag til driftsbudsjett for 2019.

Vedlegg 2 syner forslag til kostnadsdeling mellom kommunane for 2019.

Vedlegg 3 syner oversikt kommunalt tilskot til Regionrådet frå 2015

Post 25699850 Disposisjonsfond

Disposisjonsfond var 31.12.2017 på kr. 803.615,76, i tillegg er overskot 2017 på kr. 108.809,61 overført til disposisjonsfond. For 2019 er det lagt inn bruk av disposisjonsfond med kr.50.000.

I sak 10-17 rådde Hallingtinget til at Regionrådet sitt disposisjonsfondet minimum skal vera kr. 800.000 ved starten av året:

- *Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.800.000 ved starten av året.*
- *Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.*
- *Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast inntil kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.*

Strategisk plan for Hallingdal

Strategisk plan for Hallingdal er den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Det må likevel vera rom for å kunne støtte tiltak som kjem opp undervegs sjølv om det ikkje er ein del av denne. Når det gjeld gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal og finansiering av desse skjer dette m.a. via avsette midlar frå det regionale næringsfondet, tilskot frå kommunane og ulike verkemiddelpostar som det kan søkjast midlar frå.

Ut frå nasjonal politikk er det frå og med 2017 ikkje utviklingsmidlar frå Buskerud fylkeskommune (partnarskapsavtala), som tidlegare har vore i storleik 2,5 mill. kroner pr. år.

I tillegg står det midlar i det regionalt næringsfond som ved årsskifte vil vera i storleik 2 mill. kroner. Etter avtale med Buskerud fylkeskommune skal desse midlane vera nytta innan utgangen av 2019.

Det blir og arbeid kontinuerleg via heile verkemiddelapparatet, for å styrke finansieringa av prioriterte tiltak.

Strategisk plan for Hallingdal vil kunne ha tiltak som blir gjennomført av Regionrådet eller Rådmannsutvalet, og det er tiltak som det kan vera naturleg at Regionrådet og Rådmannsutvalet samarbeida om. Men dei fleste tiltaka er det eksterne aktørar som har ansvaret for.

Samandrag økonomiplan 2019 – 2022 (2018-kroner)

TILTAK	2019	2020	2021	2022
Driftsbudsjett	2.810.000	2.860.000	2.910.000	2.960.000
Tiltak Strategisk plan (eksternt og internt)	4.200.000	1.800.000	1.800.000	1.800.000
SUM	7.010.000	4.660.000	4.710.000	4.760.000

Finansiering

TILTAK	2019	2020	2021	2022
Kommunane, driftsbudsjett	1.960.000	2.010.000	2.230.000	2.360.000
Eigeninnsats	600.000	620.000	500.000	500.000
Renter	200.000	180.000	130.000	100.000
Kommunane, disposisjonsfond	50.000	50.000	50.000	-
Kommunane, tiltak Strategisk plan	800.000	900.000	900.000	900.000
Fylkeskommunen, tiltak Strategisk plan	1.400.000	900.000	900.000	900.000
Regionalt næringsfond	2.000.000	0	0	0
SUM	7.010.000	4.660.000	4.710.000	4.760.000

Forslag til vedtak

- Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2019, med ei kommunal finansiering på kr. 1.960.000.
- Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2019, frå kommunane i Hallingdal.
- Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2019 – 2022. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2019.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.800.000 ved starten av året.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettet. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
- Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

Ål 12.10.2018

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2019.

Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2019

Vedlegg 3: Oversikt kommunalt tilskot til Regionrådet frå 2015

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, DRIFTSBUDSJETT FOR 2019

KONTO TEKST	BUDSJETT FOR 2019	BUDSJETT FOR 2018	REKNESKAP FOR 2017
ADMINISTRASJON			
10100 Løn	1 540 000	1 505 000	1 409 274
10990 Arbeidsgjevaravgift	170 000	170 000	171 459
10900 Pensjon	225 000	225 000	203 608
11900 Husleige	80 000	80 000	77 262
11301 Telefon	8 000	8 000	17 430
11300 Porto	2 000	2 000	2 333
11000 Kontorrekvisita, tidskrift, faglitt.	5 000	5 000	9 615
12000 Inventar og utstyr	10 000	10 000	12 078
11501 Reiseutgifter, adm.	75 000	70 000	64 653
11151 Møteutgifter	15 000	15 000	22 151
11500 Kurs, konferansar	10 000	10 000	0
11402 Brevark, konvoluttar, logo, profilering	10 000	20 000	12 740
11951 Lisensavgifter	70 000	60 000	96 592
11209 Ymse utgifter administrasjon	20 000	10 000	26 288
13750 Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	20 000	22 000	14 800
SUM ADMINISTRASJONSKOSTNADER	2 260 000	2 212 000	2 140 283
POLITISK DEL			
10800 Godtgjersle leiar	46 000	46 000	42 299
10801 Møtegodtgjersle	40 000	40 000	31 200
10990 Arbeidsgjevaravgift	9 000	9 000	7 791
11151 Bevertning	70 000	80 000	47 507
11501 Reiseutgifter	60 000	60 000	66 783
11950 Kontingent (Fjellregionsamarbeidet)	100 000	100 000	70 438
11209 Ymse utgifter Regionrådet	20 000	15 000	54 333
12700 Konsulenttenester og juridisk bistand	5 000	5 000	32 351
14700 Tilskot "Dølaminne"	6 000	6 000	6 000
Drift Hallingdal Ungdomsråd	194 000	192 000	160 000
SUM UTGIFTER REGIONRÅDET	550 000	553 000	518 701
TOTALE KOSTNADER	2 810 000	2 765 000	2 658 984
INNTEKTER			
17500 Frå kommunane etter fordeling, drift	1 960 000	1 915 000	1 840 000
3999 Eigeninnsats prosjekt, refundert	600 000	620 000	593 800
19000 Renter av bankinnskott	200 000	230 000	333 994
19400 Bruk av disposisjonsfond	50 000	0	-108 810
SUM INNTEKTER	2 810 000	2 765 000	2 658 984

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

FORDELING AV KOSTNADER 2019

FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % etter deltakrar i regionrådet

70 % etter folketal (berekna 1.4.2018)

BUDSJETT 1 960 000

FORDELING KOSTNADER STRATEGISK PLAN

Fordeling er gjort etter folketal 1.4.2018

BUDSJETT 800 000

DISPOSISJONSFOND

Fordeling er gjort etter folketal 1.4.2018

BUDSJETT 0


KOSTNAD PR. KOMMUNE:

KOMMUNE	INNB.	1.1-30.6	1.7-31.12	DRIFT	STR.PLAN	DISP.FOND	TOT SUM	TOT SUM
							2019	2018
Flå	1068	84 629	84 629	169 259	41 550	0	210 809	206 895
Nes	3331	160 125	160 125	320 250	129 592	0	449 842	441 282
Gol	4578	201 726	201 726	403 452	178 106	0	581 559	572 692
Hemsedal	2453	130 834	130 834	261 669	95 434	0	357 102	350 402
Ål	4628	203 394	203 394	406 788	180 052	0	586 840	576 207
Hol	4505	199 291	199 291	398 582	175 266	0	573 848	567 522
SUM	20563	980 000	980 000	1 960 000	800 000	0	2 760 000	2 715 000

Ål 11.10.2018

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar



- Auke budsjett Hallingdal Ungdomsråd (HUR) og Fjellnettverket, 2016 – 2017, skuldast i fyrste rekke auke i kontingent Fjellnettverket.
- Auke budsjett HUR og Fjellnettverket, 2017 – 2017, skuldast utbetaling av møtegodtgjersle til medlemmer i HUR.
- Tall 2019 er som forslag budsjett
- Auke drift og strategisk plan (2015 – 2019) er totalt ca. 6,5%
 Konsumprisindeks 2016 – sept. 2018 er 7,9%
 Kommunal deflator for 2019 berekna til 2,8%
 Auke i budsjett Regionrådet for Hallingdal er m.a.o. litt over halvparten av auke konsumprisindeksen dei siste åra.

Hallingdal 12.10.2018

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar